



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjekontoret
Dato: Torsdag 20. september 2018
Tid: Kl. 18.30
Møtenr.: 7/2018

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

Faste medlemmer som har møttl:

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Gunnvald Aarbø	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Bodil Nesse	Medlem N.B. Ord for dagen
Rasmus Fitjar	Medlem, <i>gjekk under sak 47/18</i>
Fridleif Lydersen	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant, <i>gjekk under sak 47/18</i>
Harald Rydland	Kyrkjeverje

Forfall:

Namn	Funksjon
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem, <i>gjekk under sak 49/18</i>
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem

Varamedlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funkasjon
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant



Sakliste:

Saksnr.	Tittel	Sak for kommunal representant
S-45/18	Revisjonsmelding for 2017	X
S-46/18	Rekneskap for januar – august 2018	X
S-47/18	Budsjett for 2019	X
S-48/18	Referat frå sist møte	X
S-49/18	Meldingssaker	X
S-50/18	Open post	X
S-51/18	Arrangement i kyrkja sin regi	

Sak 45/18: Revisjonsmelding for 2017

Framlegg til vedtak:

Fitjar sokneråd tar revisjonsmeldinga for 2017 til vitande. Disponeringa av overskotet på kr. 404.883,-, som soknerådet føretok i møte den 13 juni, vert ståande.

Soknerådet ber om at kyrkjevevja i samråd med revisjonen, ser på korleis ein kan imøtekomma dei merknadane som ligg i revisjonsmeldinga.

Behandling i Fitjar sokneråd 20. september 2018:

Kyrkjevevje informerte om saka.

Vedtak (samrøystes):

Fitjar sokneråd tar revisjonsmeldinga for 2017 til vitande. Disponeringa av overskotet på kr. 404.883,-, som soknerådet føretok i møte den 13 juni, vert ståande.

Soknerådet ber om at kyrkjevevja i samråd med revisjonen, ser på korleis ein kan imøtekomma dei merknadane som ligg i revisjonsmeldinga.

Soknerådet ber om tilbakemelding når revisjon har funne stad

Sak 46/18: Rekneskap for januar – august 2018

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek rekneskapsrapporten for januar – august 2018 til orientering.

Behandling i Fitjar sokneråd 20. september 2018:

Rekneskapet for januar – august er no ført og er i rapportane sett opp mot periodisert budsjett. Informasjon om rekneskapet vart lagt fram i møte.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.

Sak 47/18: Budsjett for 2019

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet sender budsjettframlegget vidare til kommunen med dei presiseringane som kom fram i møte:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

5.

Behandling i Fitjar sokneråd 20. september 2018:

Kyrkjeverje informerte om budsjett for 2019.

Soknerådet fekk oppklart at ein har ikkje nytta så mykje administrtive ressursar i 2018 som det står i tabellen. Det vart drøfting av pkt. 2 under kommentarer om størrelsen på stilling til administrasjon.

Vedtak (samrøystes):

Fellesrådet sender budsjettframlegget vidare til kommunen med dei presiseringane som kom fram i møtet:

1. Soknerådet ba soknerådsleiar og kyrkjeverje gå gjennom tala i budsjettet.
2. I tilfelle det vert store endringar i budsjettet skal soknerådet verta informert før budsjettet vert sendt til kommunen.
3. Soknerådet støttar punktene i saka.
4. Soknerådet støttar punkt 2 slik det er formulert i saksframlegget frå kyrkjeverja, om auka administrativ ressurs, med atterhald om at det let seg finansiera.
- 5.

Sak 48/18: Referat frå sist møte

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 30. august 2018.

Behandling i Fitjar sokneråd 20. september 2018:

Referatet frå møte den 30. august 2018 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Referatet er lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.

Sak 49/18: Meldingssaker

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Behandling i Fitjar sokneråd 20. september 2018:

I møtet ble det orientert om desse sakene:

1. Arbeid med gudstenesteplan for 1. halvår 2019
Utkast til gudstenesteplan kjem i oktobermøtet.
2. Inspirasjonssamling for sokneråd i Bjørgvin bispedøme
Samlinga vert i Knarvik 17. november 2018. Soknerådsleiar Sigrid Fangel organiserer felles påmelding.
3. Møteplan for soknerådet
Soknerådsmøtene vert 18. oktober og 22. november (juleavslutning)
4. Informasjon om personalsituasjonen i kyrkja
Vikarierende sokneprest Fridleif Lydersen har si siste gudsteneste søndag 23. september 2018.
Roald Drønen vert innsett som sokneprest søndag 30. september 2018. I same gudsteneste vert 4 års boka utdelt.
Nytilsett trusopplæringspedagog Randi Lønning Matre startar 2. desember 2018.
Elisabeth Søndena Oma vikarierar i 60% stilling ut november månad.
5. Internasjonal helg i Fitjar
Torunn Aarskog vert kyrkja sin representant i den internasjonale helga.
6. Vedlikehaldsarbeid på kyrkja
Ungdomane i sumar malte ein yttervegg på kyrkja.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Ein skal skifta rotne bord og vøla taket.

Dei er i full gong med oppussing av kyrkjestova. Nytt kjøkken er bestilt.

7. Prostidag i Sveio, påmelding

Prostidag i Sveio er torsdag 25. oktober kl. 16.15 for soknerådet. Dei tilsette startar tidlegare på dagen. Kyrkjeverje Harald Rydland ordnar med felles påmelding.

8. Soknerådssval 2019

Soknerådet må nedsetja ei nominasjonsnemnd. Det vert førebudd som sak til neste møte.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.

Sak 50/18: Open post

Felles kyrkjeblad for Fitjar og Stord? v/Fridleif Lydersen

Fridleif kom med spørsmål frå sokneprest Oma i Stord sokn om å ha eit felles kyrkjeblad. Soknerådet var negativ til det. Dei mente kyrkjebladet ville verta for stort og vanskeleg å finna fram i. Fridleif ba soknerådet gje tilbakemelding til sokneprest Oma.

Fødselsmeldingar v/Fridleif Lydersen

Nye direktiv vil føre til at kyrkja ikkje får adgang til fødselsmeldingane frå føden. Det medfører at det vert vanskelegare for kyrkja å få høve til å invitera dei nyfødde til dåp. Kyrkja må då finna andre måtar å nå ut med invitasjon til dåp.

Kyrkjevert v/Fridleif Lydersen

Manglar framleis ein kyrkjevert. Sigrid skal snakka med ein person som ynskjer å verta kyrkjevert. Fridleif sender lista over kyrkjevertar til Sigrid.

50 års konfirmantar v/Fridleif Lydersen

Fridleif minna soknerådet om at det vert 50 års konfirmantar til våren. Sokneprest Drønen må få beskjed om å ta kontakt med dei for å avtala dato for gudstenesta dei skal delteka i.

Angående frivillige arbeidarar v/Sigrid Fangel

Det er viktig at dei frivillige kyrkjelydsarbeidarne føler seg sett. Det kan gjerast gjennom festar, blommar til jul eller ein konsert for dei. Sigrid ba soknerådet tenkja på til neste møte 'Korleis ein kan påskjønna dei frivillige?'

Sak 51/18: Arrangement i kyrkja sin regi

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

Behandling i Fitjar sokneråd 20. september 2018:

Arrangement som er gjennomført:

Det ver teke opp at ein må annonsera i avisa 'Sunnhordland' når ein har fellesarrangement med til dømes korpset då dei som ikkje er på sosiale media kanskje ikkje fekk med seg at det var gudsteneste på Smeholmen 2. september.

Arrangement som skal gjennomførast:

Det vert servert pizza og kaker etter avskjedsgudstenesta for Fridleif 23. september i kyrkja. Det vert anledning å takka Fridleif og seia nokon gode ord til han.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Det vert også pizza etter innsettinggudstenesta for Roald Drønen og utdelinga av 4. års boka 30.september.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet tek meldingane om arrangement i kyrkja sin regi til orientering.

Signering:

Sekretær

Leiar